



Kultur- og likestillingsdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

Dykkar ref.:22/3333  
Vår ref.: 2023/213 GØ

**Hovdebygda, 26. mai 2023**

## **Innspel til leselyststrategi**

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur er takksame for å få gi innspel til den nye nasjonale leselyststrategien. Vi er ein kulturinstitusjon som arbeider for at det språklege mangfaldet i Noreg skal vere ein sjølvsgadt del av den kulturelle fellesskapen vår. I eit slikt perspektiv er det viktig at kulturpolitiske dokument tek opp nynorsk og omsynet til nynorskbrukarane. Overordna er vi derfor glade for at departementa legg opp til at leselyststrategien også skal ha ein språkpolitisk dimensjon.

I vårt perspektiv er det naudsynt å fremje minoritetsspråka når ein skal fremje leselyst blant barn og unge. Leselyst er subjektivt, noko som tyder at ein kvar lesar må finne ei bok som er rett for akkurat han/ho/hen. Det igjen tyder at utvalet av tilgjengeleg lesestoff må vere breitt. Denne breidda må gjelde både i innhald og form. Form handlar då ikkje berre om vanskegrad eller sjanger, men også om språk.

### **Dei tre største utfordringane knytt til lesing og leselyst**

Vi ser tre hovudutfordringar når ein skal skape den naudsynte bredda i lesestoff for nynorske barn og unge.

#### **1. Produksjon av god og variert litteratur**

På nynorsk og andre minoritetsspråk er det eit mindre utval enn det vi finn på bokmål. 11,6 % av elevane i grunnskulen har nynorsk som hovudmål, men sjølv i rekordåret 2020 var talet på nynorske bokutgivingar for målgruppa berre 7,7 %. Dei siste ti åra har talet normalt vore rundt 6 %. Det er ein særleg mangel på nynorsk innan sakprosa, lettlesne bøker og kommersielle utgivingar, som teikneseriar og spenningsbøker. Manglane har igjen samanheng med at det blir omsett særst lite utgivingar til nynorsk. Mønsteret i statistikken er at medan halvparten av bøkene på bokmål er omsette titlar, er berre ein liten del av dei nynorske bøkene omsette frå andre språk. I 2020 var dette talet ekstremt; berre fem omsette titlar på nynorsk, medan det blei gitt ut 414 omsettingar på bokmål. Samlaget åleine står for majoriteten av utgivingane på nynorsk.

#### **2. Fysisk tilgang til litteraturen**

Det hjelper ikkje med ein stor og god bokproduksjon om bøkene ikkje finn vegen til lesarane. Dei viktigaste formidlingskanalane er jamaldringar, skule og bibliotek. I Noreg har vi bygd ned skulebibliotek-tilbodet over tid, og dei mange konkurrerande læreplanmåla gjer at mindre skuletid kan settast av til lesing. Folkebiblioteka har fått eit stadig utvida mandat som offentleg møteplass, og med avgrensa ressursar kjem litteraturen fort i andre rekkje i barneavdelingane. Bøker på bokmål er ofte meir synlege enn nynorske bøker, både på hyllene og i offentleg omtale. Det eksisterer mange gode leselysttiltak og lesekampanjar, men i fleirtalet av dei er nynorsk og andre minoritetsspråk dårleg integrerte.

### 3. Digital tilgang til lesestoff

Det er openbart at ein leselyststrategi i 2023 må ta omsyn til den digitale lesinga til barn og unge. Her har bokmål og minoritetsspråk ei felles utfordring i møte med den engelskspråklege dominansen på nett. Utfordringane handlar om kvalitet på den eine sida og om teknologi på den andre. Det norskspråklege tilbodet, om det er nettsider, lydbøker eller digitale bøker, har ofte ikkje mengde, innhald eller utforming som barn og unge opplever som konkurransedyktig, samanlikna med det engelskspråklege. Teknologiske utfordringar er særleg knytt til at søkemotorar ikkje støttar små språk like godt som dei store.

### **Dei tre viktigaste målgruppene**

Ein leselyststrategi treff best om den rettar seg inn mot formidlingsleddet. Vi meiner sjølv sagt at litteraturprodusentar, foreldre og dei unge sjølve vil vere viktige målgrupper i ein leselyststrategi, men hovudtyngda bør vere retta inn mot formidlarane. Dette handlar både om at vifta av tiltak vil vere større og billigare i denne gruppa, og at ein treff fleire barn og unge om ein går via formidlarane. I gruppa av formidlarar er det særleg tre grupper som er store og som dermed vil gi størst gevinst. Desse tre er barnehagetilsette, lærarar og bibliotekarar.

### **Dei tre viktigaste tiltaka**

Dei tre utfordringane vi har nemnt over er store, og det finst ikkje tre enkelttiltak som vil løyse desse i tilfredsstillande grad. Vi vil likevel trekke fram tre hovudtiltak som vi trur vil ha stor innverknad på kvar si utfordring. Under kvart punkt vil vi også nemne andre tiltak.

#### 1. Produksjon

##### *Hovudtiltak:*

Målretta finansieringsordningar som gjer det attraktivt for alle forlag å omsette og gi ut faglitteratur, lettlesne bøker, spenning, humor, teikneseriar og anna serielitteratur på nynorsk.

##### *Konkret:*

- Styrkje innkjøpsordninga for norsk sakprosa til barn og unge
- Krav om at lettlesne bøker skal omsettast til fleire av minoritetsspråka i tillegg til bokmål
- Produksjonsmidlar som alle forlag får tildelt, der delar vert øyremarka til norske minoritetsspråk
- Auka tilskot til Samlaget og andre forlag som satsar på minoritetsspråk

## 2. Tilgang fysisk

### *Hovudtiltak:*

Lage gode rammer, både strukturelt og økonomisk, for skulebibliotek og skulebibliotekarar. Alle barn går på skule, og eit bibliotektilbod som freistar på skulen, med ein skulebibliotekar som aktivt og kreativt formidlar litteratur, vil derfor potensielt ha stort gjennomslag.

### *Konkret:*

- Utvide innkjøpsordninga til alle skulebibliotek
- Løyve meir pengar til skulebibliotek og skulebibliotekarar
- Påleggje skulane å ha eit bibliotektilbod (med ein tydeleg definisjon av kva eit skulebibliotek skal vere)

### *Elles:*

- Positiv dulting for å få lesarane til å lese meir på eige språk. Både skulebiblioteka og folkebiblioteka kan fremje minoritetsspråk gjennom plassering og omtale, slik at litteratur og språk for mindretalet blir meir synleg, tilgjengeleg og kvardagsleg. Her treng bibliotekarane kursing i korleis dette kan gjerast. Slik dulting kan også gjerast hjå bokhandlarar.

Sjå lista under med gode døme på tiltak som allereie finst og som kan vidareutviklast.

## **3. Tilgang digitalt**

### *Hovudtiltak:*

Ei kartlegging av kva digitale tilbod barn og unge sjølve skulle ønskje dei fann på norsk. Den digitale utfordringa er så stor at det krev meir kunnskap før ein kan starte målretta tiltak. Skal desse tiltaka treffe, bør dei helst vere på dei unge sine premiss.

### *Elles:*

- Skaffe kvalitativ kunnskap om barn og unge gjennom eksisterande leselystkampanjar og -organisasjonar.
- Samkøyre leselyststrategien med den digitale strategien til regjeringa.
- Ekstra midlar til innkjøp av lydbøker og e-bøker til biblioteka.
- Øyremerke midlar til kompetanseheving i formidlingsleddet om korleis fysisk og digital lesing kan utfylle kvarandre
- Særlege prosjektmidlar til verksemder som vil utvikle norskspråklege digitale løysingar

### **Gode døme på kva som bidreg til leselyst**

Heldigvis finst det allereie ei mengd gode tiltak som bidreg til leselyst blant barn og unge i Noreg. Vi vil trekke fram seks konkrete døme på slike tiltak.

1. Det finst ein rekke tiltak som sørgjer for at rett bok finn vegen til rett barn. Viktigast blant slike tiltak er det arbeidet bibliotekarar og skulebibliotekarar gjer kvar einaste dag. Dei kjenner litteraturen og ser elevane, og kan derfor hjelpe med å finne det som passar kvar elev.

2. Ein veit kor viktig jamaldringar er for å skape leselyst og leseglede, og det finst gode eksempel på fenomen og tiltak som styrker utvekslinga av boktips mellom barn og unge sjølv. Leselystkampanjar med lesande førebilete, som kampanjen Den boka i 2019, eller den svenske Leseambassadøren, er måtar å nå ungane på. Andre gode eksempel er nettsider som Bokslukerprisen og Uprisen der barn og unge sjølve skriv, eller sosiale media der ungane oppheld seg dagleg, som booktoks på TikTok. Eit godt døme på eit nynorsk tiltak er nettsida Lesedig, der ungane sjølve kan finne nynorske lesetips og spreie dei vidare.
3. Det finst ein rekkje kvantitative og konkurranseprega lesekampanjar, som gir deltakarane ytre motivasjon til å lese mykje på kort tid. Sommarles er den fremste kampanjen blant desse. Mengdetrening aukar lesekompetansen og minkar lesemotstanden, dermed er det mange av deltakarane som held fram med å lese etter at kampanjen er over. Då er den ytre motivasjonen omgjort til indre motivasjon.
4. Skal ein skape leselyst blant barn og unge, kan det også vere ein fordel å starte tidleg. Tiltak som Bokbamsen og Bokstart bidrar til å gjere lesing til ein sjølvsgt del av kvardagen frå tidleg alder, og er gode eksempel på at ein også kan rette tiltak mot foreldre. Her er det eit stort potensial for å utvide desse aksjonane til heile landet.
5. Formidling kjem i mange former. Den kulturelle skulesekken (DKS) er eit tiltak som gjer mange ulike kulturuttrykk tilgjengeleg i heile Noreg. Litteraturproduksjonane innanfor DKS er mange og viktige for å presentere og skape interesse for litteratur. Det er viktig å styrkje DKS slik at elevane får møte både dei store produksjonane og dei meir intime og personlege kunstmøta.
6. Eit enkelt prosjekt som tydeleg bidrar til utjamne forskjellen mellom bokmål og nynorsk er Samlaget sin lettlest-serie Leseland. Organisasjonen Leser søker bok har også ein produksjon av bøker som aukar mangfaldet i bokheimen, med formidlingstiltak retta mot utsette grupper.

### **Meir å hugse på**

Nynorsk kultursentrum vil nok ein gong understreke at nynorske barn og unge er like mangfaldige som andre. Skal ein skape leselyst, treng dei som les nynorsk eit like breitt litteraturtilbod som dei som les bokmål. Ei slik målsetting er ikkje mogleg å nå utan at det er politisk styrt. Ein kan ikkje overlata ansvaret til interesseorganisasjonar som Noregs Mållag eller enkeltforlag som Samlaget. Det offentlege må sørge for at det er strukturelle og økonomiske rammer på plass som gjer det mogleg å oppfylle dei språkpolitiske måla.

Med venleg helsing  
Nynorsk kultursentrum

Gaute Øvereng (s)  
Konstituert direktør

Petra Helgesen  
arenaleiar, Vinjesenteret

### **Kjelder:**

<https://barnebokinstituttet.no/statistikk-forskning-50-2/statistikk-over-bokutgivelser-for-barn-og-unge-i-2020/>

<https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/browse?value=Hope,%20Fredrik&type=author&locale-attribute=no>  
<http://bokbamsen.no/>  
<https://sommerles.no/snart>  
<https://uprisen.no/>  
<https://framtidajunior.no/lesedig-heim/>  
<https://nynorsk.no/om-nynorsk-kultursentrum/>  
<https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elever-i-grunnskolen/artikler/1-av-10-har-nynorsk-som-hovudmal-i-skolen>  
<https://samlaget.no/collections/leseland-samleside>  
<https://periskop.no/sluta-tjata/>